

Oslo, 26.november 2020

Kulturdepartementet
postmottak@kud.dep.no.

Innspel til strategi for folkemusikk og folkdans

Vedlagt finn de vårt innspel til strategi for folkemusikk og folkedans.

Dersom det er noko som er uklart eller det manglar svar på, er det fint om de tek kontakt med oss. Vi kan også snakke nærare om det i møtet vi skal ha på nyåret.

Med venleg helsing

Hilde Reitan
Styreleiar
hilde.reitan@folkorg.no

Linda Dyrnes
Dagleg leiar
linda@folkorg.no

Til Kulturdepartementet

Innspel til strategi for
folkemusikk og folkedans
frå

F  **LK**
ORG Organisasjon for
folkemusikk og
folkedans

1 Innleiing

Gjennom ratifisering av Unescos konvensjon om vern av immateriell kulturarv har Noreg teke på seg ansvaret for å forvalte norsk folkemusikk og folkedans. Det er difor bra at regjeringa og Kulturdepartementet no lagar ein strategi for folkemusikk og folkedans.

Strategien bør gjere forvaltningsansvaret tydeleg. Han bør vere overbyggande og gjennomgripande, men med klar struktur og tydeleg ansvarsfordeling på alle forvaltningsnivå frå stat til lokallag. Statens ansvar må gjerast tydelegare på følgjande felt: arkiv, utdanning, forskning, opplæring, frivilligheit, arrangement/festivalar, profesjonell utøving og instrumentmaking. I dag er organiseringa av folkemusikk- og folkedansfeltet prega av ulikheiter og tilfeldigheter, og det er difor naudsynt med ein ryddeprosess for å nå det store potensialet som feltet har. Prosessen bør leiast ovanifrå, frå stat til fylkeskommune til regionale nav/senter som bør finnast i alle fylke i heile landet. Regionleddet er viktig som koordinerande ledd mot aktørar som lokale tradisjonsberarar, lokallag, profesjonelle aktørar, barnehage, skule, kulturskule, DKS, kulturhus, arrangørar, museum og anna kulturliv.

Det må vere ein føresetnad at det er tett dialog og samarbeid mellom stat, fylkeskommune og regionale senter. Det bør vere eit nasjonalt mål at alle innbyggjarar i landet får moglegheita til å få kunnskap om og tilgang til dei mange og rike folkemusikktradisjonane i landet. Slik er det ikkje i dag. Feltet er prega av å vere for dei få og innvigde, og kunnskapen om feltet er generelt låg. Kunnskapen om feltet bør løftast på alle nivå i samfunnet og styrkast gjennom heile undervisningsløpet, frå barnehage, grunnskule og kulturskule til lokale lag, vidaregåande skule og høgare utdanning.

Det er eit stort mangfald av uttrykk i folkemusikken i dag. Den solistiske tradisjonen ligg i botnen, men det finst òg ein levande og rik tradisjon med spelemannslag, grupper og band, som både spelar tradisjonelt stoff, eigenkomponerte slåttar og som tek inn element frå andre sjangrar. Utgangspunktet er likevel tradisjonsmusikken, og det gjer at vi får musikk som skil seg frå andre sjangrar – vi får noko unikt. Det oppdaga både Edvard Grieg og Ole Bull då dei tok folketonane inn i dei klassiske komposisjonane og arrangementa sine. På den måten fekk dei stor internasjonal merksemd. Tilsvarande har den samiske musikktradisjonen fått mykje merksemd internasjonalt i seinare år. Tradisjonsmusikken og -dansen er sentral i mange europeiske land (også utanfor Europa) og er ofte ein identitetsmarkør. Slik burde det vere i Noreg også.

I folkemusikkmiljøet er spel/kveding/dans ei uløysleg trieyning i forståinga av folkemusikkomgrepet. Bakgrunnen er sjølvstekt at musikken har vore bruksmusikk, med dansen som "brukar" – og musikalsk formgjevar. Dette som bakgrunn for å minne om at vi også er heldige som framleis har ein stor variasjon av levande folkedansdialektar i Noreg. Det skal vi likevel ikkje ta for gitt. Det blir stadig færre arenaer der ein lærer å danse folkedans i lokal tradisjon. Talet på dansefestar har gått kraftig ned, og danseopplæringa er i enda mindre grad enn opplæringa innanfor instrumental og vokal folkemusikk institusjonalisert. Det må Noreg ta tak i, slik at ein viktig del av vår kulturarv ikkje døyir ut.

Vi ser ei spennande kunstnarleg utvikling i scenisk folkedans no, og det ser ut til at ei utøvande utdanning på feltet kan bli etablert. Føresetnaden for ei smakfull profesjonalisering er at det

finst noko å profesjonalisere. Det er derfor det er så viktig at tradering av og opplæring i den folkelege og tradisjonelle samværsdansen får ei nødvendig stor nysatsing.

FolkOrg er oppteken av mangfald og respekt – mangfald både i type kulturuttrykk og deltaking, og respekt for andre tradisjonar og kulturar. Vi er overtydde om at god kunnskap om eigen kulturarv, som folkemusikk og folkedans, gjer folk meir opne og nysgjerrige i møte med både eigen tradisjon og andre tradisjonar og kulturuttrykk.

2 Om FolkOrg

FolkOrg vart stifta i november 2009 som ei samanslutning mellom Landslaget for Spelemenn (stifta 1923) og Norsk Folkemusikk- og Danselag (stifta 1987). I dag har organisasjonen i underkant av 4500 enkeltmedlemmer, 160 lokale og regionale lag og arrangørar. Blant medlemmene finst både dei som har folkemusikken og folkedansen som ein fritidsaktivitet, og dei som heilt eller delvis lever av det.

FolkOrg har som føremål å arbeide for folkemusikken og folkedansen i Noreg ved å styrke deira rolle og vilkår i samfunnet, og med det fremje både kulturarv og god folkehelse.

FolkOrg arbeider for mange målgrupper: lokale lag, dei profesjonelle utøvarane, barn, unge, eldre, kulturskular og arrangørar. Vi samarbeider med utdanningsinstitusjonane, folkemusikksentera og andre organisasjonar på feltet. I tillegg samarbeider vi med andre musikk- og kulturorganisasjonar. Eit særtrekk og ein styrke ved folkemusikk og -dansemiljøet er at mange av aktivitetane går på tvers av generasjonar. Dette er aktivitetar ein kan drive med gjennom eit heilt liv, og folk i miljøet omgåst heile tida på tvers av generasjonar og samfunnslag.

FolkOrg har tre hovudarrangement; Landskappleiken, Landsfestivalen i gammaldansmusikk og Folkelarm. Vi gir ut magasinet Folkemusikk.

FolkOrg tek utgangspunkt i dei lokale musikk- og dansetradisjonane. Dei lokale variantane av slåttar, songar og dansar blir førte vidare frå éin generasjon til den neste. Slik sikrar vi dei lokale særtrekka ikkje dør ut, og slik tek vi vare på den nasjonale kulturarven vår. Det er ingen andre enn Noreg som har ansvaret for å forvalte vår folkemusikk og -dans. Utøvinga av folkemusikken og folkedansen er ein sentral del av den immaterielle kulturarven vår, som Noreg har forplikta seg til å ta vare på gjennom ratifiseringa av Unescos konvensjon om immateriell kulturarv. Unesco set *utøvinga* av tradisjonen i høgsetet, og då er det mange aktørar som er avhengige av kvarandre. Vi må framleis ha instrumentmakarar for å ha noko å spele på. Vi treng arkiva for å hente materiale og inspirasjon. Vi treng lokallaga til å ta vare på tradisjonen og for å dyrke talenta innanfor folkemusikk og -dans. Vi treng dei profesjonelle utøvarane for å vere førebilete og gi opplevingar, og arrangørar som gir utøvarane jobbar og publikum opplevingar. Vi treng utdanningsinstitusjonane for å gi opplæring. Alle er avhengige av kvarandre – det er eit økosystem.

2.1 Forarbeid til innspelet vårt

Saman med Norsk senter for folkemusikk og folkedans har FolkOrg teke initiativ til ei rekke med temamøte, for å kunne ta pulsen på folkemusikk- og folkedansmiljøet i Noreg. Vi ønskjer på den måten å sikre at det vi spelar inn til Kulturdepartementet, stemmer med det feltet opplever og treng. Vi har hatt møte om desse temaa:

- Folkemusikk- og folkedansarkiv
- Lokallag, spelemannslag og dansarlag
- Instrumentmaking
- Opplæring, utdanning og forskning
- Profesjonelle utøvarar, plateselskap og bakfolk
- Arrangørar

På bakgrunn av desse møta har aktørane i feltet samla blitt samde om eit felles notat der vi er samde kva som er viktig for sjangeren. FolkOrgs innspel tek utgangspunkt i dette når vi no svarar på spørsmåla Kulturdepartementet har stilt. Det samla notatet ligg som vedlegg til dette innspelet.

3 På kva måte kan politikk og forvaltning innanfor folkemusikk og folkedans best ta vare på dei tradisjonelle uttrykka og samtidig stimulere til mangfald og fornying?

Folkemusikk- og folkedanstradisjonane i Noreg er ikkje gode fordi dei er gamle, dei er gamle fordi dei er gode. Spørsmålet som er stilt i denne bolken er godt og relevant. Samstundes kan det lesast som at dei tradisjonelle uttrykka ikkje representerer mangfald og fornying. Dei er tvert imot levande og i stadig utvikling. Sjølv slåtten som høyrer mest tradisjonell ut, læt annleis i dag enn han gjorde for 100 år sidan. I tillegg skjer det ei nyskaping på feltet, som tek tradisjonsmusikken og tradisjonsdansen i nye retningar, både på scena og på dansegolv. Alt dette ligg i folkemusikkens og folkedansens natur, så lenge det finst miljø i heile landet med tradisjonsberarar som bringar kunnskapen vidare. Men desse miljøa overlever ikkje av seg sjølv i tevling med massekulturelle uttrykk. Her trengst gode fagpersonar, eldsjeler, rammevilkår og gode strukturar – for å nemne noko. Folkemusikken og folkedansen er som eit økosystem, der alle element er avhengige av kvarandre. Jf. her også innleiinga ovanfor, om forståinga av folkemusikkomgrepet.

3.1 Ulike element i folkemusikkens og folkedansens økosystem

Vi vil no gå inn på dei ulike elementa og skildre på kva måte politikk og forvaltning innanfor folkemusikk og folkedans best kan vareta dei tradisjonelle uttrykka og samstundes stimulere til mangfald og fornying. Opplæring og utdanning er sjølvstendig ein del av det økosystemet, men det kjem vi inn på i kapittel 4.

3.1.1 Grasrota – spel- og dansarlag og lokalmiljøa

Lokallaga er sjølve grunnmuren i folkemusikken og -dansen og representerer miljøet, tradisjonsberarane, eldsjelene, kunnskapen, den sosiale fellesskapen og sjølve utøvinga. Dei har faste øvingar, har konsertar, står bak kappleikar og opplæring. Utan desse vil både arrangørar, utøvarar, utdanningsinstitusjonar på feltet og sjølve kulturarven slite. Sjølv om det meste av undervisninga i spel skjer i kulturskulane, er det lokallaga som held arven ved like og tek vare på unge utøvarar. Kulturskulane tilbyr sjeldan undervisning i folkedans. Derfor kjenner lokallaga våre eit enda større ansvar for denne delen av kulturarven, eit ansvar det no er vanskeleg å leve opp til på frivillig grunnlag.

Lokallaga finansierer aktiviteten ved hjelp av medlemskontingent, varierende tilskot frå kommunen, Frifond, tilskot frå studieforbund, KOMP, momskompensasjon og ulike prosjekttilskot. Utfordringa for mange lag er at dei ikkje har kapasitet eller ressurspersonar til å søke på desse midlane eller til å arbeide med rekruttering. For at laga skal blomstre, trengst gode instruktørar i både dans og spel, eigna lokale og gode leiarar.

I dag er det i for stor grad enkeltpersonar – eldsjelene – som tek på seg ansvaret aleine. Eldsjelene er viktige, og vi skal dyrke dei, men det er for sårbart. Dei treng hjelp av regional og lokal infrastruktur som kan samordne aktørane på feltet, bidra til å søke finansiering, skaffe

instruktørar, sette i gang prosjekt og liknande. Vi kjem tilbake til organisering av slike strukturar lenger nede i dokumentet.

3.1.2 Områdelaga eller regionlaga

Eit områdelag kan sjå eit tradisjonsområde under eitt, og om det har ressursar, kan det bidra til å koordinere aktivitet mellom lokallaga i regionen. Områdelaget kan til dømes ta ansvar for regionale kappleikar, dansefestar og kurs. Det kan inngå som ein av fleire aktørar i ein god regional struktur. I område der områdelaga har midlar frå fylket til å tilsette ein person, ser vi at det fører til stor aktivitet. Sogn og Fjordane folkemusikklag er eit døme på det. I fleire andre fylke er det lite eller ikkje noko tilskot å få. Vi treng fylkeskommunar som prioriterer midlar til områdelaga innanfor folkemusikk og folkedans, slik at dei får ressursar til tilsette.

3.1.3 Profesjonelle utøvarar

Sidan vi fekk høgare utdanning i folkemusikk, har vi fått ei aukande grad av profesjonelle folkemusikarar. Blant desse skjer ei spennande utvikling kunstnarleg, både innanfor det tradisjonelle og det meir sjangerovergripande. Det kunstnarlege nivået er høgt. Dei profesjonelle folkemusikarane har ulike kombinasjonar av inntekter, frå konsertverksemd i Noreg og utanlands, DKS, utgivingar, kulturskular, anna pedagogisk verksemd i inn- og utland, musikalsk leing av spelemannslag, komposisjon og ulike tilskotsordningar. I tillegg er det fleire som kombinerer den kunstnarlege verksemda si med inntekt frå ikkje-kunstnarlege jobbar.

Folkemusikken er blant dei mindre kommersielle sjangrane, med svært få faste stillingar, og det er krevjande økonomisk å leve av å vere utøvar. Finansieringa av musikkfeltet i Noreg er skeivt fordelt på sjangrane. Over 90 prosent av dei offentlege tilskota går til orkester og institusjonar som i hovudsak framfører europeisk kunstmusikk. Om lag 4 prosent går til dei som framfører tradisjonsmusikk, jazz, populærmusikk og verdsmusikk. Innanfor desse sjangrane får ein knapt midlar til administrasjon og preproduksjon, det er forventa at dei gjer det utan inntekt. Det er i liten grad økonomi til å engasjere bakfolk som management og agentar. Det er på tide at vi får ei stortingsmelding som ser på musikkfeltet som heilskap.

Tendensen er at mange større folkemusikk-ensemble gir seg på grunn av vanskelege økonomiske tilhøve. Det blir ikkje gitt tilstrekkeleg tilskot til desse, og arrangørøkonomien er for svak til å betale bransjestandard på honorar til større grupper. Det påverkar den kunstnarlege utviklinga i sjangeren. Ein må jobbe for at dei økonomiske vilkåra blir betra og meir proporsjonale når det gjeld større folkemusikkgrupper.

Plateselskapa som gir ut folkemusikk, er viktige for å dokumentere dagens folkemusikktradisjonar og for å gjere folkemusikk frå samtida kjend. Det er difor avgjerande at desse får tilskot til utgjevingane sine.

Når det gjeld folkedans, er profesjonaliseringa nyare. Her skjer det no ei kunstnarleg utvikling, i fleire retningar, som er basert på tradisjonane, men som samtidig er noko av det mest nyskapande vi har på dansefeltet om dagen. Her kan vi nemne dansekompani som Kartellet, Frikar og Villniss som gode eksempel. Her er potensialet stort. Utfordringane er likevel mange.

For det første finst det inga høgare utdanning i scenisk folkedans i dag, og det trass i at det er etterspurnad etter profesjonelle dansarar som beherskar teknikken og estetikken frå tradisjonsdansen. Universitetet i Sørøst-Noreg har no fått akkreditert ei bachelorutdanning i scenisk folkedans, og finansieringa må på plass. Sjå meir om det under utdanning.

Vidare er finansieringa av folkedansframsyningar ei utfordring. I dette feltet heng musikken og dansen tett saman, og dansen og musikken skjer i ein kommunikasjon mellom dansarar og musikkarar. Framsyningane har difor nesten alltid levande musikk. Det gjer at kostnadene blir høgare. Det trengst ei forståing for det hos tilskotsytarar, som til dømes Norsk kulturfond. For å rekruttere til dette yrket er grasrota med dei lokale miljøa essensiell, det trengst ei satsing på folkedansen på grasrotnivå.

Den norske marknaden er liten, og utøvarane treng difor også den internasjonale marknaden. Det vil vi kome attende til seinare i dette innspelet.

3.1.4 Instrumentmakarar

I dag er det få instrumentmakarar som bygger hardingfeler, langeleikar og andre eldre folkemusikkinstrument, og gjennomsnittsalderen deira er høg. Ein treng å få utdanna fleire instrumentmakarar. Dei bygger særnorske instrument, og vi kan ikkje rekne med at andre land tek på seg ansvaret for å bygge dei. I dag er det utdanning i instrumentmaking både ved USN Rauland og Ole Bull Akademiet, og desse utdanningane bør styrkast. Dei eksisterande instrumentmakarverkstadene bør få eit særskilt ansvar og ei moglegheit for å gi læreplassar til nye instrumentmakarar. Slik sikrar ein at den handlingsborne kunnskapen blir vidareført til neste generasjon.

3.1.5 Arrangørar og festivalar

3.1.5.1 Festivalar

Festivalar har ei eiga evne til å trekke til seg folk på grunn av den møteplassen dei er, og i festivalsamheng er det lettare å få folk til å gå på konsertar og framsyningar som dei ikkje kjenner til på førehand. Festivalane er difor ekstra viktige for å få fleire til å oppdage den store variasjonen og den høge kvaliteten som finst innanfor folkemusikk og folkedans. Her kan folk få sin første folkemusikkonsert, sjå ei danseframsyning eller danse folkedans på dansefesten. Festivalane kan vere ein viktig aktør inn i ein regional struktur saman med andre regionale aktørar, sjå kapittel om regionale strukturar. Men for at festivalane skal oppretthalde god aktivitet og halde høg kvalitet, og bidra til både varetaking og fornying på feltet, treng dei tilstrekkeleg finansiering.

Slik det er i dag, får dei nest største og dei tredje største folkemusikkfestivalane i Noreg betydeleg mindre tilskot enn tilsvarende festivalar i andre sjangrar. Den skeivheita må rettast opp.

3.1.5.2 Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk

FolkOrg eig både Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk, og dei blir kvart år arrangerte i samarbeid med ein lokal arrangør, vanlegvis eitt eller fleire lokallag. Arrangørstadene varierer for kvart år.

Landskappleiken er ein noregsmeisterskap i dei eldste formene for folkemusikk og folkedans og vart første gong arrangert i 1896. Det blir tevla i både song, spel i ulike instrumentklassar og ulike typar dans, i tillegg til fele- og hardingfelebygging. Over 1000 personar er med og tevlar, og arrangementet samlar 3000–5000 personar.

Landsfestivalen i gammaldansmusikk er ein noregsmeisterskap i gammaldans, det blir tevla i om lag 15 ulike klasser – solistar, grupper, spelemannslag og dansarar. Om lag 1000 personar er med og tevlar, og arrangementet samlar kring 3000 personar. Den første Landsfestivalen vart arrangert i 1986.

På begge arrangementa er det sosiale samværet med dans og konsertar viktig. Arrangementa er og har vore avgjerande for at vi framleis har ein så levande og variert folkemusikk- og folkedanstradisjon i Noreg, basert på lokale tradisjonar. Lag og enkeltutøvarar fordjupar seg i dei lokale tradisjonane fram til tevlingane. I tillegg til dei som er ein del av miljøet frå før, involverer arrangementa lokalbefolkningane i stor monn, og synergieffektane til lokalt næringsliv er betydelege.

Landskappleiken og Landsfestivalen er store arrangement, og krava til profesjonalitet blir stadig meir omfattande, til dømes når det gjeld HMS. Det er difor krevjande å få lokale lag til å ta på seg arrangementa. I dag har arrangementa ingen nasjonale tilskot og er avhengige av lokale og regionale tilskot for at det skal gå rundt. Det er stor variasjon mellom fylka og kommunane når det gjeld kor mykje stønad dei gir. Ei meir føreseieleg finansiering og fleire faste tilsette til å arbeide med arrangementa hadde sikra kvalitet og gjort det mogleg for fleire lokale arrangørar å ta på seg å vere lokal arrangør.

3.1.5.3 Folkelarm

Folkelarm er Nordens største bransjetreff og showcasefestival for nordiske folkemusikarar og folkedansarar. Folkelarm blir arrangert av FolkOrg på Riksscenen i Oslo kvart år i november. Om lag 25 norske, samiske og nordiske artistar har showcase, det er seminar og debattar, dansefest, arenaer for nettverksbygging og Oslokappleik. Delegatar frå inn- og utland blir inviterte til å sjå kva aktuelle nordiske folkemusikarar og folkedansarar har å tilby. I tillegg er arrangementet er ope for publikum. På den måten arbeider vi for å skape ein større arbeidsmarknad for artistane, bygge kompetanse både hos artistar og arrangørar, bygge nettverk og gjere sjangeren meir kjend. FolkOrg samarbeider tett med Music Norway om arrangementet.

Folkelarm har i dag ein marginal økonomi, og vi har utfordringar både med å ha pengar nok til å honorere artistane etter bransjestandard, jobbe profesjonelt og nok med marknadsføringa og med å få fleire delegatar til å kome. Folkelarm treng ein større og meir føreseieleg økonomi.

3.1.5.4 Heilårsarrangørar

For å kunne formidle kulturarven, gi gode opplevingar, jobbar til utøvarane, rekruttere til sjangeren og lære folkedansen og folkemusikken vidare til fleire trengst mange og gode arrangement. Diverre er arrangørfeltet innanfor folkemusikk og folkedans svakt.

Det trengst både ei stimulering for å få fleire arrangørar, og det trengst ei profesjonalisering. Det er blitt meir krevjande å vere liten arrangør i dag, og det gjer det utfordrande for utøvarane å lage gode og effektive turnear og med det skape opplevingar i heile landet. Det trengst tilskot til dansefestar, ein arena som er særskild viktig for vår sjanger. Der spelar musikkarane til dans, der blir folkedansen formidla vidare frå ein generasjon til neste, der er den sosiale møteplassen. Dei regionale strukturane vi skriv om lenger nede, kan vere med på å styrke arrangørleddet, både med å bygge kompetanse, og ved å legge effektive turnear som det er enkelt å ta imot, utan for stor økonomisk risiko for små arrangørar. Arrangørfeltet treng dessutan tilskot som også dekkjer administrasjon og organisering. Også her er det for sårbart og lite effektivt å basere seg på eldsjeler på frivillig basis.

3.1.5.5 Riksscenen – Scene for folkemusikk og folkedans

I 2010 opna Riksscenen i Oslo etter at eit samla felt hadde arbeidd for det i fleire år. Noreg og Oslo er i ei særstilling ved at dei har ein kulturinstitusjon som Riksscenen, som er dedikert til folkemusikk og folkedans. Det seier noko om rikdommen innanfor sjangeren vår at ein kan ha ein heilårsarrangør med fleire konsertar kvar veke, der hovuddelen av programmeringa er norsk og samisk folkemusikk og folkedans.

Riksscenen har blitt ein viktig møteplass for folkemusikk- og folkedansinteresserte og ein viktig arbeidsgivar for profesjonelle utøvarar innanfor folkemusikk og folkedans. Riksscenen har også høg status som konsertarena for utøvarane. Det er viktig at Riksscenen har ressursar nok til å bidra til nye produksjonar innanfor folkedans og folkemusikk.

3.2 Kva for tiltak trengst?

3.2.1 Infrastrukturen på folkemusikk- og folkedansfeltet må styrkast!

For at den immaterielle kulturarven, som folkemusikken og folkedansen, skal haldast levande, trengst god infrastruktur på både nasjonalt, regionalt og lokalt nivå. Eldsjeler og enkeltpersonar er utruleg viktige for feltet. Det er dei som held liv i tradisjonane gjennom den lokale aktiviteten, men det blir for sårbart om Noregs forpliktingar med tanke på Unescos konvensjon om immateriell kulturarv skal baserast berre på det. Vi treng faste strukturar for å få kontinuitet og samhandling i arbeidet, og for at beskrivne ambisjonar skal kunne følgjast opp.

3.2.1.1 Nasjonale strukturar

På nasjonalt nivå er det naudsynt med sterke strukturar som talar for feltet, står for nasjonale prosjekt, og har overblikk over heilskapen. FolkOrg, Norsk senter for folkemusikk og folkedans og Noregs Ungdomslag er slike nasjonale strukturar, og det er viktig at dei har styrke til å jobbe for heilskapen på feltet. I dag blir det gjort mykje godt arbeid på dette nivået, og med ei styrking kan det bli endå betre. Riksscenen og utdanningsinstitusjonane er også viktige nasjonale strukturar på feltet.

FolkOrgs føremålsparagraf er: FolkOrg- organisasjon for folkemusikk og folkedans har som føremål å arbeide for folkemusikken og folkedansen i Noreg ved å styrke deira rolle og vilkår i samfunnet, og med det fremje både kulturarv og god folkehelse.

Dei ulike medlemsgruppene i FolkOrg er spel- og dansarlag, områdelag, profesjonelle utøvarar og arrangørar (festivalar og heilårsarrangørar). Landslaget for Spelemenn vart stifta i 1923 for mellom anna å arbeide for folkemusikarane sine kår og for å få til ei utdanning for folkemusikarar. FolkOrg er medstiftar av:

- Telemarkfestivalen
- Førdefestivalen
- Den Norske Folkemusikkveka
- Hilmar Alexandersens Folkemusikkfestival
- Etnisk Musikkklubb (medstiftar og deleigar)
- Musikkutstyrsordningen (no Kulturrom)
- Stiftinga Riksscene for nasjonal og internasjonal folkemusikk, joik og folkedans
- Kulturalliansen

I tillegg er vi med i representantskapet til Norsk senter for folkemusikk og folkedans.

FolkOrg er dessutan eit forlag som gir ut magasinet Folkemusikk, tidlegare Spelemannsbladet, som kom ut første gong i 1941.

FolkOrg er den organisasjonen som representerer størst breidde på folkemusikk- og folkedansfeltet i dag. Det å arbeide kulturpolitisk for heile folkemusikk- og folkedansfeltet spesielt og kulturfeltet generelt er særskild viktig, i tillegg til dei faste arrangementa våre, rådgiving overfor medlemmene, prosjekt for å fremme sjangeren, utgiving av magasinet og informasjonsarbeid.

Det er behov for ein sterk nasjonal organisasjon som ser heilskapen, og som bygger nettverk på nasjonalt nivå og nyttar kunnskapen organisasjonen får frå medlemsgruppene, inn i det arbeidet. Gjennom å arbeide saman med andre organisasjonar på kulturfeltet kan vi finne gode løysingar som fungerer både for folkemusikk- og folkedanssjangeren og andre sjangrar. Difor har vi prioritert å vere med i ulike organisasjonar og nettverk med andre delar av kulturfeltet. Gjennom nettverket Samstemt! var FolkOrg med på blant anna å auke tilskota til utøvarar, arrangørar og festivalar i Norsk kulturråd. Vi er no med i både Arrangørforum, Kulturalliansen, Norsk musikkråd, Frivillighet Norge, Musikkindustriens Næringsråd, Samrådsmøte for folkedansen og Balansekunst. Ved å ta med seg folkemusikkens og folkedansens perspektiv inn i desse samarbeidsforuma er vi med på å finne løysingar som fungerer for heile kulturfeltet.

FolkOrg har eit stort arbeidsfelt, og for i endå større grad å kunne promotere feltet og arrangementa og vere meir til stades rundt om i landet treng vi fleire stillingar.

- Vi treng framleis sterke, nasjonale strukturar på folkemusikk- og folkedansfeltet.

3.2.1.2 Regionale strukturar

Det er på regionalt nivå det er flest manglar, behovet er sterkast og potensialet størst. Gode nettverk med sterke folkemusikksenter, folkemusikkarkiv, festivalar, distriktsmusikarar og områdelag kan skape store synergieffektar og med det ta vare på og utvikle den immaterielle

kulturarven. Det var store skilnader mellom dei ulike fylka før regionreforma, og no er det også store skilnader internt i fleire av dei nye fylka.

Ei satsing på regionale senter/knutepunkt vil styrke heile økosystemet. Frivillig verksemd blomstrar kring profesjonelle verksemdar som folkemusikksenter, folkemusikkarkiv og festivalar, og desse treng energien frå det frivillige feltet. Vi er heilt avhengige av kvarandre for å få vidareført tradisjonane, rekruttert nye utøvarar og publikum, og få folkemusikken og folkedansen ut til folket.

Om dei regionale sentera:

- Dei regionale sentera må ha godt kvalifiserte produsentar, med kompetanse innanfor folkemusikk og folkedans. Dei skal jobbe som nettverksbyggerar mellom alle desse aktørane, og dessutan mellom regionale musikkråd, museum og kommunar med sine grunnskular og kulturskular.
- Kvart senter må ha produksjonsmidlar for å bidra til nye produksjonar og legge turnear med frilans folkemusikarar og folkedansarar.
- Det er viktig å spele på dei regionale aktørane som alt finst, og så styrke og supplere dei. Nokre stader er det naturleg å knyte det regionale senteret til ein festival, andre stader til eit arkiv eller ein fylkeskommune.

3.2.2 Tilskotsordningar

Finansieringa av folkemusikk- og folkedansfeltet må aukast, for at beskrivne ambisjonar skal kunne følgjast opp.

- Vi må ha stabile og gode driftstilskotsordningar til dei frivillige laga innanfor folkemusikk og folkedans.
- Det trengst tilskotsordningar ad hoc for profesjonelle utøvarar og arrangørar. Dei kan byggast etter same modell som adhocordningane i Norsk jazzforum.
- Det trengst òg tilskotsordningar ad hoc til den frivillige delen av feltet. Dei er grunnfjellet i feltet. Dei skaper dei sosiale møteplassane, og der er den sosiale dansen viktig. Det er spesielt viktig å løfte folkedansfeltet. Tilskot til instruktørar på kurs, til dansefestar, enkeltståande konsertar og samlingar er døme på kva ei slik ad hoc-ordning bør gi tilskot til.
- Dei generelle tilskotsordningane til frivillig kulturliv, som Frifond, vaksenopplæringsmidlar, momskompensasjon, KOMP og ordningane til Norsk senter for folkemusikk og folkedans må styrkast.
- Tilskotsordningane i post 55 i Norsk kulturfond må styrkast.
 - Dei økonomiske vilkåra må bli betre og meir proporsjonale når det gjeld større folkemusikkgrupper. Tendensen er at mange større folkemusikk-ensemble gir seg på grunn av vanskelege økonomiske og administrative tilhøve.
 - Folkemusikkkfestivalane må få finansiering på linje med festivalar i andre sjangrar.
 - Norsk kulturfond må anerkjenne at folkemusikk og folkedans heng tett saman. Tilskota må ta høgde for at det er dyrare å produsere ei framsyning med både dansarar og musikarar.

- Tilskotsordningane må vere lite byråkratiske.

3.2.3 Merksemd kring felles kulturarv

Dei norske folkemusikk- og folkedanstradisjonane er unike for Noreg, dei skil seg frå andre musikksjangrar, og frå tradisjonsmusikk og tradisjonsdans frå andre land. Difor bør det vere naturleg at det offentlege Noreg nyttar folkemusikarar og folkedansarar når dei skal representere landet vårt ved besøk utanlands, når Noreg har utanlandske gjestar og ved offentlege arrangement i Noreg. På den måten vil ein få presentert det unike, gjere folk meir kjende med og stolte over tradisjonane våre og skape ein arbeidsmarknad for desse utøvarane. Vår oppleving er at det høge kunstnarlege nivået på dei fremste utøvarane i folkemusikken er lite kjent i det offentlege Noreg.

Folk flest kjenner lite til norsk folkemusikk og folkedans. Ein medverkande faktor til dette er at folk flest ikkje blir eksponerte for sjangeren med mindre dei oppsøker han på eiga initiativ. NRK spelar til dømes i liten grad folkemusikk i programma sine ut over Folkemusikktimen. Ved å gi norsk folkemusikk og folkedans meir merksemd og status stig også interessa og kunnskapen for sjangeren.

Det unike i folkemusikken oppdaga både Edvard Grieg og Ole Bull, då dei tok folketonane inn i dei klassiske komposisjonane og arrangementa sine. På den måten fekk dei stor internasjonal merksemd. Béla Bartók gjorde det same med den ungarske folkemusikken. Norsk folkemusikk har også inspirert musikarar i andre sjangrar, som i jazzen. Her kan vi trekke fram Arild Andersen og Jan Garbarek som gode døme på det.

Noreg har all grunn til å vere stolt over folkemusikken og folkedansen vår, og kunne i langt større grad ha løfta han fram. Til dømes har Irland vore særskild medvite om å løfte fram sine folkemusikktradisjonar i offisielle høve, og det har gjort at innbyggjarane er stolte over tradisjonane sine. Her kan det offisielle Noreg hente inspirasjon.

Ei god forankring i eigen kulturarv gjer oss opne og nysgjerrige overfor kulturarv og kulturuttrykk frå andre land. Det er difor trist å sjå at folkemusikk og folkedans er nærast fråverande i NRK-program retta mot barn og unge. Når barn i tillegg knapt møter folkemusikk og folkedans i skulen, er det veldig tilfeldig om barn i Noreg får oppleve norsk folkemusikk og folkedans. Om ein ikkje har blitt introdusert for sjangeren i samband med skulegangen, er terskelen for å oppsøke sjangeren ved seinare høve endå høgare.

Kunnskapen om folkemusikk- og folkedanstradisjonane i Noreg må aukast gjennom:

- at det offisielle Noreg løftar fram folkemusikk- og folkedanstradisjonane i offisielle høve.
- at media, og då særleg NRK, i større grad nyttar folkemusikk og folkedans i sine program, ikkje minst i program retta mot barn.
- at barn og unge jamleg møter folkemusikk og folkedans gjennom si skuletid.

4 På kva måte kan det best leggst til rette for opplæring og kompetanseheving innanfor folkemusikk og folkedans?

Folkemusikken og folkedansen ligg i skjæringspunktet mellom Kulturdepartementet og Kunnskapsdepartementet. Opplæring og formidling har heile tida vore tett samanvove, og det trengst difor ein heilskapleg politikk frå begge departementa heilt frå barnehage til postdoktor.

For at Noreg skal følgje opp forpliktingane frå Unescos konvensjon om vern av den immaterielle kulturarven, må heile opplærings- og utdanningsløpet innanfor folkemusikk og folkedans styrkast frå barnehage, via grunnskule, kulturskule, vidaregåande skule, til høgare utdanning og forskning. Opplæringa i desse institusjonane skjer i tett samarbeid med lokallaga, som står for vedlikehald, samspel og sosialt miljø. I den nye læreplanen for grunnskulen står det om folkemusikk frå heile verda, og den samiske er nemnd særskilt. Diverre er ikkje dei norske folkemusikk- og folkedanstradisjonane framheva.

- Det må på plass ei utdanning i scenisk folkedans. Vi har gode tilbod når det gjeld folkemusikk, med både Noregs musikkhøgskole, Ole Bull Akademiet og Universitetet i Sørøst-Noreg (USN), avd. Rauland. Men det finst inga utdanning for scenisk folkedans, trass i at det er stor etterspurnad etter dansarar som meistrar teknikken og estetikken i norsk folkedans. USN er klar til å ta på seg oppdraget, og har fått akkreditert ei utøvande bachelorutdanning i folkedans. No manglar berre finansieringa. For at kandidatar frå dette studiet skal vere kvalifiserte for å ta PPU, må det etter nye reglar vere plassert i finansieringskategori B. Det er viktig, for det er stor trong for folkedanspedagogar også. Det er eit ønske om 20 plassar.
- Alle kommunar må prioritere folkemusikk og folkedans i kulturskulane.
- Ein treng å få utdanna fleire hardingfelemakarar, langleikmakarar og instrumentmakarar av eldre folkemusikkinstrument. I dag er det utdanning i instrumentmaking både ved USN Rauland og Ole Bull Akademiet, og desse utdanningane bør styrkast. Dei eksisterande instrumentmakarverkstadene bør få eit særskilt ansvar og moglegheit for å gi læreplassar til nye instrumentmakarar. Slik sikrar ein at den handlingsborne kunnskapen blir vidareført til neste generasjon.
- Pedagogar på alle nivå, både i barnehage, grunnskule, kulturskule og høgskule/universitet må møte folkemusikk og folkedansen i utdanningsløpet.
- Lærarar må ha tidsmessige læremiddel tilgjengelege til si undervisning, slik at elevane jamleg kan møte folkemusikken og folkedansen i skuleløpet sitt.
- Sommarkursa i folkemusikk og folkedans er vårt svar på Norway Cup, og viktige for opplæring og rekruttering. Dei treng ein føreseieleg økonomi.
- Landslinja for folkemusikk og folkedans ved Vinstra vgs. må oppretthaldast og styrkast
- Ein treng eit nytt, stort læreverk i folkemusikk og folkedans. Det er i dag ingen læreverk med oppdatert innhald etter 1990. Det er svært viktig å få sett i gang dette arbeidet så snart som råd, sidan feltet har gått gjennom store endringar sidan Aksdal og Nyhus' verk *Fanitullen* vart utgitt.

5 På kva måte kan det best leggst til rette for mest mogleg effektiv bevaring og arkivering av relevant materielt og immaterielt innhald frå folkemusikk- og folkedansfeltet?

Vi har unike arkivopptak av folkemusikk og folkedans rundt om på dei ulike folkemusikkarkiva og i NRK. Munnleg tradering er kjernen i vidareføring av folkemusikk og folkedans, og arkiva er heilt avgjerande supplement til den direkte kontakten. Folkemusikkarkiva blir mykje nytta både av studentar, forskarar, utøvarar, kappleiksdommarar og spelemannslag. Dette er vår felles kulturarv, og han må forvaltast med respekt. Vi ser døme på kor sårbart arkivdrifta er, når den som har hatt ansvar for Nordnorsk folkemusikksamling, går av med pensjon, og Universitetet i Tromsø ikkje har lagt planar for vidare forvaltning.

Per i dag nyttar mange av folkemusikkarkiva eit system som er i ferd med å fasast ut, og det er behov for eit felles nasjonalt fagsystem for alle folkemusikkarkiva.

- Det må vere eit statleg ansvar å sørge for at det finst folkemusikkarkiv i alle regionar.
- Eit nasjonalt fagsystem må på plass. Staten må ta saka og gi mandat til rask oppstart av dette systemet.
- Innsatsen med digitaliseringsarbeidet må halde fram.
- Gode tilsette med fagkunnskap kan ikkje erstattast av digitalt tilgjenge. Det må bli fleire tilsette, og dei må ha god kunnskap om lokale tradisjonar. Tilsette er nødvendige for å ta vare på og formidle kulturarven.
- Det hastar å redusere etterslepet etter manglande digitalisering av samlingane.
- Det er naudsynt å styrke samtidsdokumentasjonen av folkemusikk og folkedans.

6 På kva måte kan det best leggst til rette for forskning, formidling og tilgjengeleggjering av dette materialet?

I kapitlet over har vi understreka kor viktig det er med eit nasjonalt fagsystem for folkemusikkarkiva. I tillegg trengst eit system for formidling.

Dei siste to tiåra har dei store noteverka for hardingfele og vanleg fele vore tilgjengelege i ein søkbar database på UiO sine nettsider. Denne ressursen er no nedlagd, og bøkene som databasen er basert på, er utselde. Dette er eit stort sagn for miljøet. Det er viktig å få ein institusjon som kan vere vert for ein database med gode søkefunksjonar.

- Vi treng eit felles digitalt publiseringssystem for folkemusikkarkiva, slik at innhaldet blir lett tilgjengeleg for potensielle brukarar.
- Vi treng gode fagpersonar som er kjende med lokale tradisjonar, og som evnar å tolke og vidareformidle opptaka til brukarar på ein fagleg riktig og pedagogisk god måte. Dei tilsette må vere gode til å formidle innhaldet i arkiva, både frå fortida og notida, til nye generasjonar.
- Ein treng å styrke forskinga på folkemusikk og folkedans. Det bør difor stimulerast til fleire forskingsprosjekt på og rundt feltet. Det trengst både doktorgradstipendiatar (PHD) og postdoktor-stillingar.
- Det er viktig å leggje til rette for at dei få publiseringskanalane for forskinga som finst, kan halde fram med å eksistere. Tidsskriftet Musikk og Tradisjon er i dag den einaste publiseringskanalen for forskingsfeltet, og det er viktig at dette tidsskriftet får framtidig finansiering.
- Det må settast av ressursar til å gjere noteverka for fele og hardingfele tilgjengelege att.

7 På kva måte kan internasjonalt samarbeid bidra til å styrke folkemusikkens og folkedansens posisjon i samfunnet?

Folkemusikken og folkedansen i Noreg har ikkje oppstått i eller utvikla seg i eit nasjonalt vakuum. Musikken og dansen har til alle tider reist og utvikla seg i takt med nye inspirasjonar, og med det har vi fått våre variasjonar av han. Det er mange likskapar mellom folkemusikktradisjonane i verda. Det å vere trygg i kunnskapen om eigen kulturarv gjer at ein er open for andre tradisjonar. Å satse på folkemusikken og folkedansen er å satse på mangfald, toleranse og inkludering.

Internasjonalt samarbeid og arbeid er viktig på alle nivå innanfor folkemusikk og folkedans. Lokale lag i Noreg dreg på besøk til andre land for å syne fram og lære vidare sin tradisjon. Studentar og forskarar innanfor folkemusikk og folkedans har sine internasjonale nettverk for utveksling av kunnskap. FolkOrg er medlem i både Nordisk folkemusikkomité (Nordic Folk Council) og European Folk Network, der vi samarbeider med tilsvarende organisasjonar og aktørar i andre land. Alle desse samarbeida er viktige både for å dele kunnskap, bidra til større forståing i verda og inspirasjon.

Men det internasjonale er ikkje minst viktig for den profesjonelle delen av feltet. Det gjeld både det å bygge næring/marknad ute og det som går på kulturdiplomati: bruken av kulturutveksling og -møte for å skape større forståing over landegrenser og for å utvikle dei kunstnarlege uttrykka. Den internasjonale verksemda til Rikskonsertane var utruleg viktig her, og då den vart avvikla, vart aktiviteten diverre ikkje erstatta. Det ville vore ein utruleg styrke for både det norske folkemusikk- og folkedansmiljøet og for heile det norske musikkfeltet å få på plass ei ordning som kunne erstatte denne verksemda.

Den norske marknaden er liten, og utøvarane treng difor også den internasjonale marknaden. Det er sjølvstekt ekstra krevjande no i ei tid med pandemi, men også i normale tider er det utfordrande. Mangel på bakfolk, tid og ressursar til å bygge nettverk og dessutan ulikt prisnivå mellom Noreg og mange andre land er nokre av utfordringane. Bransjetreff som til dømes Folkelarm er viktige arenaer for å få vist fram dei kunstnarlege produkta, bygge nettverk nasjonalt og internasjonalt og styrke kompetansen gjennom seminar. Det er viktig at Folkelarm har musklar til å gjere den jobben.

Det har vore gjort forsøk på stimulere til fleire bakfolk i folkemusikksjangeren, men det har førebels ikkje gitt særlege resultat. Fleire tek til orde for å opprette Norsk folkemusikkformidling (NFF) att. NFF var drifta av Norsk Folkemusikk- og Danselag, ein av dei to organisasjonane som vart til FolkOrg. NFF hadde som mål mellom anna å fremme folkemusikk og folkedans både nasjonalt og internasjonalt, bygge nettverk, styrke formidlinga og bidra til kontraktering internasjonalt. NFF vart avvikla kort tid etter etableringa av FolkOrg, fordi ein ville sleppe til private næringsdrivande i den marknaden. Etter om lag ti år ser vi at det i liten grad har fungert, og det er kanskje på tide å løfte tanken om NFF på ny.

Viktige punkt for å styrke eksporten av norske folkemusikarar og folkedansarar:

- Tilskotsordningane i Music Norway og Fond for utøvende kunstnere er naudsynte for å kome seg ut i ein internasjonal marknad. Desse må styrkast.
- Det trengst prosjektmidlar til å gjere større satsingar mot enkeltmarknadar, og for å førebu grunnen for norske artistar som ønskjer å bygge ein karriere utanlands. Det er behov for kompetansehevande tiltak for artistar som ønskjer seg ut.
- I folkemusikken har ein i liten grad bakfolk, så det trengst hjelp til å bygge denne bransjen, men også tilskotsordningar og kompetansehevande tiltak som kan hjelpe artistane med marknadsføringa.
- Det må vere tilstrekkeleg med ressursar og fagtilsette i Utanriksdepartementet med tilhøyrande utanriksstasjonar til å arbeide med kultureksport. Gode kulturarbeidarar på utanriksstasjonane og i UD generelt kan vere heilt avgjerande for å knyte utøvarar til det rette nettverket.
- Det er viktig at Music Norway har ressursar, kompetanse og nettverk som er relevant for sjangeren. Vi treng eit framleis tett samarbeid med Music Norway, spesielt når det gjeld internasjonalt besøksprogram på Folkelarm og Noregs representasjon på [Womex \(World Music Expo\)](#). Men vi må òg samarbeide om ein strategi kring eksport på folkemusikkfeltet og enkeltprosjekt for å fremme norsk folkemusikk internasjonalt.
- Det trengst sterke sjangerorganisasjonar med god kunnskap og nettverk.
- Det må skaffast midlar til å styrke kulturdiplomatiet, gjennom kulturutveksling og kultursamarbeid,
- Det må givast tilskot til å sette i gang promotiltak som til dømes FolkCD.no for å fremme norske folkemusikarar og folkedansarar.

Avsluttande kommentar

Noreg har forpliktingar etter Unescos konvensjon om vern av immateriell kulturarv. Det er då avgjerande at heile økosystemet innanfor folkemusikk og folkedans fungerer.

Alle elementa i det økosystemet er med på å gjere jobben. Dei punkta vi nemner ovanfor, vil nettopp styrke økosystemet der det trengst, og vil bidra til at folkemusikken og folkedansen i Noreg er ein levande tradisjon også i framtida. Det er relativt sett små midlar som skal til, men dei vil gi stor effekt.

Summert opp er dette særskilt viktig:

- Sikre stabile strukturar nasjonalt og regionalt, der det er særskilt behov for å styrke dei regionale strukturane som folkemusikksenter, arkiv og festivalar. Det vil styrke både dei lokale laga, dei profesjonelle utøvarane, arrangørane og opplæringa.
- Få utdanningssystemet med på å vareta kulturarven. Det er særskilt naudsynt å få på plass ei bachelorutdanning i scenisk folkedans ved USN.
- Få på plass eit nasjonalt arkivsystem for både arkivering og formidling av folkemusikk- og folkedanstradisjonane.
- Styrke eksisterande og etablere nye tilskotsordningar.
- Meir merksemd for sjangeren, spesielt nasjonalt, men òg internasjonalt.

På vegner av FolkOrg

Hilde Reitan
Styreleiar

Linda Dyrnes
Dagleg leiar



Trondheim 27.11.2020

Eit breitt løft for folkedans og folkemusikk i heile landet

Representantskapet hos Norsk senter for folkemusikk og folkedans ønskjer å fremme ei felles uttale til Kulturdepartementet om statleg strategi for folkemusikk og folkedans. Representantskapets mål er å fremja, verna og føra vidare norske folkemusikk- og folkedanstradisjonar som eit uttrykk for kulturell identitet og som bærer av særeigne kvalitetar.

Eit samla felt ønskjer å peike på at det trengs eit breitt løft for folkemusikken og folkedansen. Å satse på folkekulturen er å satse på framtida. Folkemusikken og folkedansen er ei kraft i seg sjølv – eit unikt samværefellesskap og kunstfelt i spennande utvikling. Folkemusikken og folkedansen er samlande på tvers av generasjonar og sosiale miljø, og dei er helsefremjande. Folkemusikken og folkedansen hjelper oss med inkludering, dei er kulturnæring og gir kunstoplevingar.

Vi ønsker at eit breitt løft må starte med å styrke den levande kulturarven i lokalmiljøa med lokale lag og organisasjonar som sjølv grunnmuren – i heile landet. Fleire må gjennom grunnmuren få moglegheit til å bli introdusert til folkedansen og folkemusikken for å bli kjende med tradisjonane og ta dei i bruk.

Eit heilt «økosystem» treng å leve og fungere i interaksjon med kvarandre. Heller ikkje hos folkedansen og folkemusikken blir det breidde utan topp, eller topp utan breidde. Vi treng profesjonelle rollemodellar og gode ambassadørar som når heilt fram og opp, og vi treng breidda og dei lokale eldsjelene. Vi treng òg internasjonalt samarbeid, der vi har lange tradisjonar og ser behov i framtida.

Om det skal bli tilstrekkeleg kvalitet og kraft i det breie løftet, må folkemusikk- og folkedansfeltet synast på statsbudsjettet i ein heilt annan storleik enn det gjer i dag. Først då kan ein seie at staten tek ratifiseringa av UNESCO sin konvensjon om immateriell kulturarv på alvor innan dette feltet. Utreiingar har vist at folkedansen og instrumentbyggjartradisjonen er spesielt strukturelt sårbare. Arbeidet med å verne kulturarven kan og vere med å innfri mange av FN sine bærekraftmål.

For å få til det breie løftet, må staten bidra til å styrke heile feltet med å:

Forenkle saksbehandling og auke tilskota

Tilskotsordningane må styrke høve til å planlegge jamn drift, faste øvingar og treffstader for dans og spel og oppleve folkedans og folkemusikk i lokalmiljøa. Det trengs òg tilskot til dansefestar, ein arena som er særskild viktig for sjangeren vår. Der blir folkedansen og folkemusikken formidla vidare frå ein generasjon til neste, på ein triveleg sosial møteplass både for utøvarar og deltakarar, og der får musikanane trening i å spele til dans. Både lokale lag, arrangørar og profesjonelle etterspør tilskotsmiddel med kort sakhandsamingstid og lite byråkrati. Allereie eksisterande ordningar kan enkelt styrkast. Dette gjeld først og fremst



Frifond, voksenopplæringsmidlar, moms-kompensasjon, Kulturrådet sine ordningar og støtte frå Norsk senter for folkemusikk og folkedans. Stipendordningane for profesjonelle utøvarar må styrkast, og folkemusikkfestivalar må opp på same nivå som andre festivalar.

Sikre stabile strukturar nasjonalt og regionalt

Vi må ha stabile institusjonar og organisasjonar med trøkk for å fremje den levande kulturarven. Det trengs sterke nasjonale og regionale folkedans- og folkemusikk institusjonar, sterke arrangørnettverk, og folkemusikkarkiv over heile landet.

Dei nasjonale aktørane

Nasjonale strukturar og aktørar må styrkast. På nasjonalt nivå er det naudsynt med sterke aktørar som talar feltet si sak, står for nasjonale prosjekt, og har overblikk over heilskapen. Dei kan gjevast roller som koordinatorar for fagfellesskapet på tvers av regionane.

Regionale folkedans- og folkemusikksenter

Det trengs sterke regionale folkedans- og folkemusikksenter over heile landet som kan arbeide saman med nasjonale aktørar. Eit komplekst felt treng å samhandle for å få utnytta kapasiteten. Sentra må ha ressursar for å bidra til produksjon av nye konsertar og framsyningar, og legge turnear i sin region med frilans folkemusikarar og folkedansarar. Sentra må ha fagtilsette innan både folkedans og folkemusikk for å kunne koordinere og skape synergieffektar mellom laga og tradisjonsutøvarane lokalt, dei profesjonelle, arrangørledda, museum, arkiv og skulesektor. Vi treng ei auka synleggjering lokalt, og fleire eigna lokale. Sentra må bygge på allereie etablerte tilgjengelege ressursar og miljø.

Fleire og sterkare arrangørar

For å kunne formidle kulturarven, gi gode opplevingar, jobbar til utøvarane, rekruttere til sjangeren og lære folkedansen og folkemusikken vidare til fleire, trengs mange og gode arrangement. Det trengs midlar til å stimulere at det veks fram fleire små og store arrangørar, og utvikle dei som er. Ein må styrke arrangør-støtteordninga i Kulturrådet og sørgje for at dei forstår eigenarten til sjangeren, der dans og musikk heng tett saman. Regionale folkedans- og folkemusikksenter kan være med å styrke arrangørleddet, både med å bygge kompetanse og legge rammer for effektive turnear som er enkle å ta imot utan for stor økonomisk risiko for små arrangørar.

Arkiv og museum med fagkompetanse

Feltet si kjerne baserer seg på munnleg tradering. Derfor er dei unike arkivkjeldene vi har svært viktige. Det må leggst til rette for å ta vare på og bygge opp fagleg kompetanse ved arkiva. Infrastrukturen må styrkast. Staten må sørge for at fagsystem/-katalogsystem, digitalisering av arkiva og teknologi for formidling kjem på plass. Det må òg gjevast støtte til samtidsdokumentasjon. Det er viktig at det er ressursar til å formidle.

Få utdanningssystemet med på ivaretakinga av kulturarven

For at folkemusikken og folkedansen skal kunne eksistere i framtida, er utdanning staten sitt sterkaste kort. Frivillige lag og tradisjonsutøvarar har her ei viktig rolle som samarbeidsparter. Kunnskapsdepartementet må på banen i samspel med Kulturdepartementet. For å sikre rekruttering og kjennskap til tradisjonane, trengs det gode høve til å lære – i barnehage og kulturskole, men òg i grunnskole og vidaregåande og høgre opplæring – heilt opp til doktorgradar og postdoktorstillingar. Det første vi må få på plass er ei utdanning i scenisk



folkedans ved Universitetet i Sør-aust Noreg. Det er viktig at kunnskapen blir pedagogisk tilrettelagt for digitale og meir tradisjonelle læremiddel og publikasjonar på alle nivå. Dagens læremiddel er utdaterte. Dokumentasjon og forskning må styrkast. Ved å øyremerke stillingsressursar og studieplassar i UH-sektoren vil vi kunne få i gang ein god kunnskaps-sirkel der dagens studentar formidlar oppdatert og framtidsretta til morgondagens tradisjonsutøvarar.

Signaturar:

Akershus musikkråd, Jon G. Olsen, dagleg leiar

Arne Bjørndals samling, Universitetet i Bergen, Sigbjørn Apeland, førsteamanuensis

Creo, Hans Ole Rian, forbundsleiar

Farsund Folk Festival, Ann Helen Erichsen, dagleg leiar

Folkemusikk Nord, Terje Foshaug, dagleg leiar

Folkemusikkarkivet for Rørosområdet, styreleder Rolf J. Feragen

Folkemusikkarkivet i Telemark, Kari Lønnestad, arkivleiar

Folkemusikkpøbben i Tromsø, Mats Roar Sakshaug, styremedlem

Folkemusikksamlinga i Nord-Trøndelag, Marit Vestrum, styreleiar

Folkemusikksenteret i Buskerud, Åshild Wetterhus, Folkemusikkonsulent

Folkemusikkveka, Silje Risdal Liahagen, dagleg leiar

FolkOrg, Hilde Reitan, styreleiar

Førdefestivalen, Per Idar Almås, direktør

Hedmark folkemusikklag, Anne Nilssen, styreleiar

Hedmark musikkarkiv, Leif Ingvar Ranøien, amanuensis

Heme dine, Sigrid Stubsveen, leder

Kalottspel, Nina Fjeldet, dagleg leiar

Kongsberg Spel og Dansarlag, Anne Svånaug Blengsdalen, nestleiar

Musikkens studieforbund, Ludvig Claeson, Generalsekretær

Noregs Ungdomslag, Torbjørn Bergwitz Lauen, leiar

Norges Musikkhøgskole, Unni Løvlid, førsteamanuensis

Norsk folkemusikklag, Bjørn Aksdal, leiar

Norsk Kvedarforum, Karolina Westling, styreleiar



Norsk Langeleikforum, Lise K. Meling, leiar

Norsk Lur- og Bukkehornlag, Jørn Simenstad, leiar

Norsk Munnharpeforum, Bent Åserud, leiar

Norsk senter for folkemusikk og folkedans, Oddrun Samdal, styreleiar

NTNU, Institutt for musikk, program for dansevitenskap, Anne Fiskvik, Professor

Ole Bull akademiet, Jo Asgeir Lie, rektor

Opplandsarkivet, Silje Cathrin Fylkesnes, sekretariatsleiar

Ringve Musikkmuseum, Arnfinn Stendahl Rokne, direktør

Ryfylkemuseet, Folkemusikkarkivet for Rogaland, Åshild Vetthus, leiar

Stiftinga Hilmar Alexandersen, Johan Einar Bjerkem, dagleg leiar

Studieforbundet Kultur og Tradisjon, Kjærsti Gangsø, dagleg leiar

Sørnorsk Folkemusikksenter, Kjell Stundal, styreleiar

Telemarksfestivalen, Kristoffer Mosfjeld

Tradisjonsmusikkarkivet ved Mjøsmuseet, Stein Villa, folkemusikkarkivar

TrondheimFOLK, Ranveig Aas, styreleiar

USN, Institutt for tradisjonskunst og folkemusikk, Campus Rauland, Stian Roland, Instituttleiar

Valdres Folkemusikkarrangement AS. Jørn Hilme-stemnet og Strunkeveko, Knut Aastad Bråten, dagleg leiar, Frank Henrik Rolland, kurs- og arrangementsansvarleg

Valdresmusea, Ole Aastad Bråten, direktør

Østfold musikkråd, Tonje Gravningsmyhr, dagleg leiar